

Velkommen til SFO 2023-2024.



Tilsette dette skuleåret:

Henny S. Nordvik, **SFO-leiar**

Almira Omerkadic - Debrom Teklom - Elisabeth N. Steinsland - Jane H. Næss -
Kjersti N. Skjoldal - Kjersti Solemdal - Magnhild Kvalvåg - Maryna Svyrydovska.

Det ordinære SFO-tilbudet følgjer skuleruta (190 dagar).

Prisar utanom fast månadsbetaling:

Ekstra morgon kr 130.- ekstra ettermiddag/dag kr 290.-

Ved for sein henting etter kl 16: 30 vert det pålagt gebyr på kr 565,- pr. gong.

12 timar gratis kjernetid SFO for 1. og 2. trinn frå august 2023.

Gratis SFO for elevar med særskilde behov 5. -7. trinn.

Dette gjelder budsjettår 2023.



SFO tilbyr også ope for påmelde barn i ferie, frå kl 0700 -1630. SFO har ope haustferie, 1 inneklemte dag før jul, vinterferie og sommarferie, SFO/skuleår 2023-2024. Feriedag, kr 290 pr.dag. Budsjettår 2023.



Opningstider:

Måndag–fredag morgon kl. 0700–0830. Ettermiddag Kl. 1400 - 1630.

Onsdag ettermiddag Kl. 12.30-16.30

Ta kontakt om det er noko som er uklårt.

SFO mobil: 48 89 95 49

Kontor: 56 58 99 80

SFO –leia, privat: 99 12 72 27

E-post: henny.storlid.nordvik@samnanger.kommune.no



Oppstart SFO 2023- 2024.



Velkommen til nytt SFO år, til nye barn og til dei som har vore med oss på SFO ei stund

Vennskap, tryggleik, anerkjennelse og trivsel mellom barna og barn og vaksne er tema som SFO arbeidar med kontnuertlig for å trygge alle og skape eit godt miljø på SFO, blant barna og for barn og vaksne.

SFO tilrettelegg kvardagen for barna med moglegheit for meiningsfull fritid og leik. Der me har sjølvvald og tilrettelagde aktivitetar for barna, samt gje barna rom for rekreasjon og kvile. SFO skal bidra som ein arena for barna si meistring og oppleving av egenverd.

Det å bli kjende med kvarandre på tvers av klassetrinna gjer barna trygge. Noko både SFO og skulen har nytte av. Ein kjenner fleire og barna får større spelerom i det å få fleire venar. SFO arbeider mykje med vennskap. Vennskap som oppstår mellom barna og mellom barna og dei vaksne er fint og sjå og være ein del av.

Onsdag er SFO sin dag, då har SFO lang ettermiddag og har mulighet for å finne på noko ekstra. SFO har turdag onsdagar men ettermiddagen blir også brukt til ulike tema markeringar/festar som SFO har i løpet av året.

Turdag blir onsdagar dette skuleåret. **Det blir tur uansett vér.** SFO innfører det som heiter kjernetid. Det vil sei at SFO er på tur og vekke frå skulen eks i skogen i ein bestemt tidsperiode som er kl 13:30 – 15:00. Henting av barn i denne tida bør ein unngå då SFO. Må barn bli henta i kjernetid pga. lege, tannlege o.l. gje SFO beskjed god tid på førehand. Kle barna godt etter veret og ha bytekle tilgjengelig på SFO/skule. SFO gleder seg til å få turdag der me får utforske naturen og vere ute i dei forskjellige årstider.

Me brukar SFO-basen, klasserom, kunst og handverksrom og sløyd til å vere kreative. Deler SFO gruppa opp i mindre grupper og brukar dei forskjellige romma etter behov og aktivitet.

Dei kreative aktivitetane varierer etter årstid og barna er med om dei ynskjer.

Torsdag er basseng dag, på Tysse. Det er utruleg kjekt å ha barna med i basseng.. Nokon er allereide trygge og gode symjara. For andre var det første gong utan foreldre i djupt basseng (for barna) Det går ikkje så lang tid for den er» midt fjords i bassenget» og plaskar rundt. Elevane viser stor glede og samhold og dei lærer ferdighetar av kvarandre. Alle blir respektert for sine ferdighetar i bassenget.

August – september 2023:

Me startar året med å bli kjende med kvarandre, nokon barn og vaksne kjenner kvarandre frå tidligare og andre møter me for fyrste gong. Me gler oss og til kjekke morgonar og ettermiddagar ilag. Dei første vekene i august/september handlar om å bli kjende med kvarandre og skule/SFO området ute og inne. Då har SFO aktivitetar som er med på å forsterke vennskap og det å bli kjend. Dette er også ein fin måte å bli kjend med barn frå andre klassar om ein ikkje kjenner nokon i frå før. Foreldre kan også ha eit behov for å møtast. I den anledning arrangerar SFO foreldrekaffi ein onsdag ettermiddag. Invitasjon vil bli sendt

September – desember 2023.

Barn og vaksne er begynt å bli kjend og trygge på kvarandre og skule/SFO sitt ute og inne område. SFO startar med aktivitetar som t.d. sløyd, forming, turdag, just dance og badegrupper. Badeturane begynner når påmeldingane er komt inn og ein har fordelt barna i grupper. SFO markerer vennskap, tryggleik, anerkjennelse og trivsel med vennfest i oktober og har SPA dag i november. Desember lagar me til litt nissegøy, med nissefest og pynting av SFO.



SFO våren 2024.

Vår halvåret har me aldersblanda grupper, der elevane sjølve får velje kva dei vil enkelte dagar. Ynskjer å førebu 1. trinn på komande skule/SFO år der dei ikkje lenger er minst. Dei skal oppleve meistring og gruppetilhørse saman med dei eldre elevane.

Januar- februar, vinter 2024.

Er det snø er me ute og leikar i den. Så håpar på snørike dagar dei 2 -3 første månadane av året. Me er ute, står på ski og akar (brukar berre SFO/skulen sine rompebrett (ta med egne ski om onsdagar om du vil), og har andre snø aktivitetar.

Er det surt og kald og alt er vått er barna og dei vaksne inne på SFO basen/klasserom/bibliotek/gymal eller Formingsrom.

Me har inne leikar der barna får velge mellom ulike aktivitetar som lego, klossar, bilar, dokker, perle, teiknar/malar, spelar brettspel/ kort og enkle kreative aktivitetar, (t.d. klipp og lim, vev, finger-hekling/strikking, kitt).

SFO brukar gymsalen og har organiserte leikar i lag med barna og frileik. Me har kjende aktivitetar og lære nye aktivitetar. Barna kjem med ynskje og forslag, alle blir høyrd men ikkje alle forslaga kan bli gjennomført på same dag.

Januar kan vere ein litt mørk og vér utsatt månad. SFO brukar tid på biblioteket der ein kan lese i bøker, høgtlesing av vaksne eller barn til barn og vaksne eller stillelesing. SFO lagar litt glede og gøy i januar med pysjamas fest inne. SFO har brettspel, kort, puslespell og bøker som tema og kosar oss i «slaraffen» fart.

Februar kjem med litt lysare dagar og forhåpentligvis sol og snø. SFO har aktivitetsdag ute i snøen med rompebrett, ski og andre uteaktivitetar i snø. Tenner bålpanne.



Mars – mai, vår 2024.

Våren er på veg og SFO er ute og leikar og har andre uteaktivitetar. Vær er ingen hindring. Kle barna etter været og årstid. Ballbinge, disser, klatrestativ, slakkline, utesjakk, sandkasse med leikar og anna frileik og organisert leik (t.d. spark på boks, 1-2-3-raut lys). Vinter og snø, aking, (brukar berre SFO/skulen sine rompebrett) snømann og ski. SFO ynskjer våren velkommen og takkar vinteren for besøket. Markerer det med vårfest og Pinata i mars.

April har me fokus på det å ta vare på kvarandre og vise vennskap, annerkjennelse, trivsel og tryggleik. Forbereder oss på sommar og har ein SPA dag med enkelt velvære.

Mai er ein månad mange innklemte dagar. SFO pyntar til 17-mai.

Juni, sommar 2024.

SFO/skuleåret nærma seg slutten. SFO markerar med sommarfest og foreldrecaffi.

Dei som er påmeld sommar SFO har nokon kjekke dagar i vente etter skuleslutt.

Markeringer/festar SFO, vår og sommar 2024.

Januar: Pysjamasfest

Februar: Aktivitetsdag

Mars: Vårfest

April: SPA dag

Mai: Pyntar til 17- mai

Juni: Sommarfest og foreldrecaffi



Morgon SFO kl. 07:00 – 08:30.

Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
0700-0830	SFO basen 0700-0820 Morgon SFO inneleik og spel Alle	SFO basen 0700-0820 Morgon SFO inneleik og spel Alle	SFO basen 0700-0820 Morgon SFO inneleik og spel Alle	SFO basen 0700-0820 Morgon SFO inneleik og spel Alle	SFO basen 0700-0820 Morgon SFO inneleik og spel Alle
	FFFF Kl. 0730 – 0800 For dei som vil	FFFF Kl. 0730 – 0800 For dei som vil	FFFF Kl. 0730 – 0800 For dei som vil	FFFF Kl. 0730 – 0800 For dei som vil	FFFF Kl. 0730 – 0800 For dei som vil
	Frukost Kl.0800- 0815 Husk matpakke	Frukost Husk matpakke	Frukost Kl. 0800- 0815 Husk matpakke	Frukost Kl. 0800- 0815 Husk matpakke	Frukost Kl. 0800- 0815 Husk matpakke
	Ute Kl. 0815-0830	Ute Kl. 0815-0830	Ute Kl.0815-0830	Ute Kl. 0815-0830	Ute Kl. 0815-0830

FFFF = full fart før frukost.

FFFA = full fart for alle.

Ein vaksen går ut kl 08:15. Alle barn og vaksne er ute frå SFO frå 08:20 til skulestart kl 08:45. Dei vaksne har tilsyn med barna.



Ettermiddag SFO kl- 14:00 – 16:30 (onsdag kl 12.30 – 16:30).

Tid	Måndag		Tysdag		Torsdag		Fredag	
1400-1630	2.trinn rom 2A	1,3-6.trinn SFO base	2.trinn rom 2A	1,3-6.trinn SFO base	2.trinn rom 2A	1,3-6.trinn SFO base	2.trinn rom 2A	1,3-6.trinn SFO base
14:00 - 14:30	Mat kl 1400-1430		Mat kl 1400-1430		Mat kl 1400-1430		Mat kl 1400-1430	
	Husk matpakke		Husk matpakke		Husk matpakke		Husk matpakke	
	Aktiviteter		Aktiviteter		Aktiviteter		Aktiviteter	
14:30 - 15:30	2.trinn SFO-base	1,3 -6. trinn FFFA	2.trinn FFFA	1,3 -6. trinn SFO-base	1 -6. trinn Basseng FFFA SFO-base 3 vaksne reiser basseng pr. gong		2.trinn SFO -base	1,3 -6. trinn FFFA
15:30 - 16:30	Utegrupper:		Utegrupper:		Utegrupper:		Ute/ inne -gruppe:	
	Alle 1-6. trinn		Alle 1-6. trinn		Alle 1-6. trinn		Alle 1-6. trinn	

kl. 12:30 - 16:30.	Onsdag	
	1.trinn rom 1A	2-5.trinn SFO base
	Aktiviteter	
kl.12:30-15:00	Tur	Tur
	Mat økt kl 13:30- 14:00 Kjerne tid 1230 - 15:00	
kl.15:00 - 15:45	SFO-base/ute	FFFA/ute
kl.15:45 - 16:30	FFFA/ute	SFO-base/ute

SFO-base: Me leikar med lego, klossar, bilar, dokker, perlar, spelar brettspel/ kort, bibliotekstund, just dance.

Utegruppe: Ballbinge, disser, klatrestativ, slakkline, utesjakk, sandkasse med leikar og anna frileik og organiserteleik (t.d. spark på boks,1-2-3-raut lys).

Forming: Aktivitetane kan bestå av maling, tegning, klipping, forming o.l. i forskjellige matrialer. Leire, vev, og bruk av enkle formingsmatrialer.

Sløyd: Aktivitetar der ein brukar t.d. sag, spiker, maling og bruk av enkle trematerialer/formingsmatriel.

Basseng: Basseng/ vann til venning og leik.

FFFF/FFFA: Me er i gymsalen og har organiserte leikar i lag med barna og frileik. Læra nye aktivitetar og leika kjende aktivitetar. Barna kjem med ynskjer og dei vaksne har grunnplan.

Ved sol eller opphaldsver kan alle barna og dei vaksne vere ute ilag. Då går anna, aktivitet ut.

Husk: Uteklede som passar til været og aktivitetar. **Byteklede.**



Med vennleg helsing

Dei vaksne på SFO

Henny Storlid Nordvik

SFO-leiar